

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, fylkesrådmannen sin stab, Sogn og Fjordane  
Ole I. Gjerald, prosjektleiaren sitt sekretariat  
Sak nr.: 2018/

### Saksgang

| Utval           | Sak nr. | Møtedato   |
|-----------------|---------|------------|
| Fellesnemnda-AU |         | 18.10.2018 |
| Fellesnemnda    |         | 30.10.2018 |

### Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune – utkast

Prosjektlear legg fram forslag til godtgjersle, som ei førebels skisse til drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18.

Endeleg saksframlegg og reglement vil bli lagt fram for fellesnemnda til 30.10.18.

### SAMANDRAG

Samandrag vert ferdigstilt til endeleg utsending 25.10. 18

**Prosjektlear inviterer fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 til å drøfte følgjande saksframlegg og skisse til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune:**

**Prosjektlear rår fellesnemnda 30.10.18 til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda for etablering av Vestland fylkeskommune fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.

2. Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

**Vedlegg:**

1. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune (framlegg datert 25.10.2018).
2. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, datert 17.01.2017.

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. BAKGRUNN FOR SAKA****Føreseieleg reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune**

Prosjektleiari fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og til vedtak i fellesnemnda den 30.10.18.

Prosjektleiari starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første sak til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt eit framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforminga av dei folkevalde sine arbeidsvilkår i den nye fylkeskommunen.

**Fellesnemnda sine føringar for reglementet**

Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II» følgjande føringar for arbeidet med framtidig reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal hovudsakleg liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

**Funksjonar og roller som er særleg vurdert**

Prosjektleiari legg i denne saka fram sitt forslag til eit konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet er utarbeidd med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42

og 43, og byggjer på dei samla kostnadane vi har knytt til godtgjersle og arbeidsvilkår for politisk nivå i dag i dei to fylkeskommunane.

Prosjektleiari legg med denne saka fram sitt samla framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Det er i reglementet sett nærare på følgjande roller:

- a) Fylkesordførar
- b) Fylkesvaraordførar
- c) Fylkesutvalsmedlemer
- d) Hovudutvalsleiarar og –medlemer
- e) Kontrollutvalsleiar og –medlemer
- f) Fylkestingsmedlemer
- g) Gruppeleiarar i fylkestinget
  
- h) Leiarane for:
  - o Fagopplæringsnemnda/yrkesopplæringsnemnda
  - o Rådet for eldre
  - o Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
  - o Trafikktryggingutvalet

## 2. REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

Prosjektleiari har teke utgangspunkt i dagens to reglement:

- o Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Hordaland fylkeskommune finn de [her](#).
- o Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Sogn og Fjordane fylkeskommune finn de [her](#).

I utforminga av reglementet har prosjektleiari funne det tenleg å ta utgangspunkt i strukturen til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt reglement. Alle beløp er i 2018-kroner og vil såleis bli endra når reglementet trer i kraft.

### 2.1 Faste godtgjersle

Det er lagt opp til at stortingsrepresentantane si løn pr. 1.05.2018 er grunnlaget for dei faste årlege godtgjerslene, med unntak av fylkesordførar si løn som vert fastsett særskilt.

Vidare er det er lagt opp til at fylkesvaraordførar si løn utgjer 100 prosent av grunnlaget, og heiltidpolitikarane si løn utgjer 80 prosent av grunnlaget. Då kontrollutvalsleiar skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling vert denne sett til 40 prosent av grunnlaget. For dei andre satsane har prosjektleiari forsøkt å legge seg på same nivå som det dei to fylkeskommunane har i dag.

Det er lagt opp til ei fast godtgjersle for medlemmane i fylkestinget, hovudutvala og kontrollutvalet. Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) har ikkje fast godtgjersle til medlemmane i hovudutvala og kontrollutvalet. Prosjektleiari har difor teke utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune (HFK) sine satsar. Det vert difor ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg til dei faste godtgjerslene til HU-medlem og KU-medlem. I både SFFK og HFK får fylkestingsmedlemma utbetalt møtegodtgjersle per møte, i tillegg til den faste godtgjersla. I skissa er møtegodtgjersla innarbeidd i dei faste godtgjerslene og er såleis auka. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle for møte i fylkestinget.

Prosjektleiar foreslår same nivå på godtgjersle til fylkesutvalsmedlemene som HFK har i dag. Fylkestingsmedlemene i HFK som sit i fylkesutvalet får ikkje den faste godtgjersla til fylkestingsmedlemene. Det vert lagt opp til same praksis. For at fylkesutvalsmedlemene ikkje skal få ein reduksjon som følgje av at det ikkje vert betalt møtegodtgjersle for møta i fylkestinget, er den faste godtgjersla til fylkesutvalsmedlemene auka tilsvarende auken i den faste godtgjersla til fylkestingsmedlemene.

Vidare vil prosjektleiar gjere fellesnemnda merksam på at når fylkesutvalsmedlemer og gruppeleiarar møter i andre utval som følgje av si rolle, t.d. finansutval/planutval, vert det ikkje gjeve møtegodtgjersle utover den faste godtgjersla.

Reglementet til Vestland fylkeskommune legg opp til å likestille leiarane for desse organa:

- yrkesopplæringsnemnda,
- trafikktryggingsutvalet,
- fylkesråd for eldre og
- fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne.

I SFFK har desse leiarane hatt ei og same faste godtgjersle. HFK har kun gjeve fast godtgjersle til leiaren for yrkesopplæringsnemnda. Det inneberer at leiaren for yrkesopplæringsnemnda si faste godtgjersle vert redusert i høve HFK sitt reglement i denne skissa, jf. punkt 2.4 i denne saka.

HFK og SFFK deler i dag gruppeleiar godtgjersla inn i fleire intervall slik:

| Hordaland fylkeskommune               | Beløp   |
|---------------------------------------|---------|
| 2-5 medlem i fylkestinget             | 140 535 |
| 6-8 medlem i fylkestinget             | 187 380 |
| 9-12 medlem i fylkestinget            | 234 225 |
| 13 eller fleire medlem i fylkestinget | 281 070 |

| Sogn og Fjordane fylkeskommune      | Beløp  |
|-------------------------------------|--------|
| Inntil 5 medlem i fylkestinget      | 83 750 |
| 6-11 medlem i fylkestinget          | 93 450 |
| fleire enn 11 medlem i fylkestinget | 99 900 |

For Vestland fylkeskommune vert det kun to inndelingar der vi skil mellom meir eller mindre enn 10 medlem slik:

| Vestland fylkeskommune                | Beløp   |
|---------------------------------------|---------|
| inntil 9 medlem i fylkestinget        | 191 300 |
| 10 eller fleire medlem i fylkestinget | 286 950 |

Konsekvensen for dei ulike grupperingane vert vist i punkt 2.4 i denne saka.

HFK gir godtgjersle til saksordførar. Dette vert ikkje relevant i Vestland fylkeskommunen då vi får fleire heiltidspolitikarar og det vert lagt opp til fleire faste utval. Til dømes planutval, der denne godtgjersla tidlegare har blitt nytta. Det vert difor ikkje gjeve godtgjersle til saksordførar i det nye reglementet.

Tabellen under syner dei faste godtgjerslene som skissa bygger på:

|  | %-sats | Beløp        |
|--|--------|--------------|
| Fylkesordførar                                     |        | kr 1 300 000 |
| Fylkesvaraordførar                                 |        | kr 956 500   |
| Leiar i HU   | 80 %   | kr 765 200   |
| Leiar i KU   | 40 %   | kr 382 600   |
| Fylkesutvalsmedlem                                 | 26 %   | kr 250 325   |
| Fylkestingsmedlem                                  | 4,7 %  | kr 44 678    |
| Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem          | 3,5 %  | kr 33 478    |
| Leiar yrkesoppføringsnemnda                        | 3 %    | kr 28 695    |
| Leiar for trafikktryggingutvalet                   | 3 %    | kr 28 695    |
| Leiar for fylkesråd for eldre                      | 3 %    | kr 28 695    |
| Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj. | 3 %    | kr 28 695    |
| <b>Gruppeleiarar</b>                               |        |              |
| Inntil 9 medlem i FT                               | 20 %   | kr 191 300   |
| 10 eller meir                                      | 30 %   | kr 286 950   |
|  |        |              |
| Telefon og breiband godtgjersle                    |        | kr 5 400     |

## 2.2 Godtgjersle og vederlag pr. møtedag

### Møtegodtgjersle

Som nemnt i punktet over vert det no lagt opp til å ha fast godtgjersle for hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem, samt at den faste godtgjersla til fylkestingsmedlemmane er auka. Det vert difor ikkje betalt møtegodtgjersle til folkevalde utover den faste godtgjersla.

Dersom ein har rett til møtegodtgjersle, t.d. når ein møter som varamedlem eller utsending til generalforsamling vert det betalt same møtegodtgjersla. Skissa opererer difor kun med ein sats på 1 400 kr.

Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle for deltaking på kurs, seminar m.m. uavhengig kven som arrangerer det.

### Vederlag for tapt arbeidsforteneste

Det vert betalt vederlag for tapt arbeidsforteneste som følgje av ombodet, også dersom ein har fast godtgjersle.

Følgjande satsar vert lagt til grunn for det økonomiske opplegget:

|  |        | Beløp    |
|--|--------|----------|
| Møtegodtgjersle  |        | kr 1 400 |
| Vederlag for ulegitimert tap i inntekt                     |        | kr 1 500 |
| Vederlag for legitimert tap i inntekt                      | inntil | kr 4 000 |
| Vederlag for påførde legitimerede utgifter, t.d. barnepass | inntil | kr 1 500 |

## 2.3 Andre ordningar

### Tilskot til opposisjonsgrupper

HFK gir tilskot innanfor ei ramme på 700 000 kr til opposisjonsgrupper. Dette vert ikkje relevant i Vestland fylkeskommunen då vi får fleire heiltidspolitikarar som blir fordelt mellom og det vert lagt opp til fleire faste utval

Prosjektleiar gjer difor framlegg om at ordninga ikkje vidareført.

### Frikjøpsordning

HFK gir stønad til frikjøp for politisk arbeid til partigruppene i fylkestinget med 44 920 kr per fylkestingsrepresentant per år, jf. punkt 7 i HFK sitt reglement.

Det vert lagt opp til ei tilsvarande ordning i Vestland fylkeskommune.

## 2.4 Samla konsekvens for ulike roller/utval

I tabellane under syner prosjektleiar konsekvensar og direkte endringar frå dagens to reglement og skisse til nytt reglement.

I tabellane under er det nytta ulegitimert sats ved berekning av vederlag for tapt arbeidsforteneste. Det betyr at dersom ein har legitimert sats vil vederlag for tapt inntekt vere høgare og lik i dei tre fylkeskommunane, inntil 4 000 kr.

| <b>Fylkestingsmedlem</b>            | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>    | <b>SFFK</b>   |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| fast godtgjersle                    | 44 678        | 32 792        | 35 400        |
| Møtegodtgjersle                     |               | 6 560         | 11 280        |
| Vederlag for tapt arbeidsforteneste | 12 000        | 11 600        | 14 240        |
| <b>Sum godtgjersle FT</b>           | <b>56 678</b> | <b>50 952</b> | <b>60 920</b> |

| <b>Fylkesutvalsmedlem</b>           | <b>VLFK</b>    | <b>HFK</b>     | <b>SFFK</b>    |
|-------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Fast godtgjersle                    | 250 325        | 234 225        | 238 400        |
| Møtegodtgjersler                    |                |                |                |
| Vederlag for tapt arbeidsforteneste | 24 000         | 23 200         | -              |
| <b>Sum godtgjersle FU</b>           | <b>274 325</b> | <b>257 425</b> | <b>238 400</b> |

| <b>Hovudutvalsmedlem</b>            | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>    | <b>SFFK</b>   |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Fast godtgjersle                    | 33 478        | 32 792        |               |
| Møtegodtgjersle                     |               |               | 14 100        |
| Vederlag for tapt arbeidsforteneste | 15 000        | 14 500        | 17 800        |
| <b>Sum godtgjersle HU</b>           | <b>48 478</b> | <b>47 292</b> | <b>31 900</b> |

| <b>Hovudutvalsleiar</b>     | <b>VLFK</b>    | <b>HFK</b>     | <b>SFFK</b>    |
|-----------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Fast godtgjersle            | 765 200        | 234 225        | 193 300        |
| Vederlag for tapt inntekt   | 15 000         | 14 500         |                |
| <b>Sum godtgjersle i HU</b> | <b>780 200</b> | <b>248 725</b> | <b>193 300</b> |

| <b>Kontrollutvalsmedlem</b>         | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>    | <b>SFFK</b>   |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| Fast godtgjersle                    | 33 478        | 32 792        |               |
| møtegodtgjersle                     |               |               | 14 100        |
| vederlag for tapt arbeidsforteneste | 15 000        | 14 500        | 17 800        |
| <b>Sum godtgjersle i KU</b>         | <b>48 478</b> | <b>47 292</b> | <b>31 900</b> |

| <b>Kontrollutvalsleiar</b>  | <b>VLFK</b>    | <b>HFK</b>     | <b>SFFK</b>    |
|-----------------------------|----------------|----------------|----------------|
| fast godtgjersle            | 382 600        | 234 225        | 193 300        |
| Vederlag for tapt inntekt   | 15 000         | 14 500         |                |
| <b>Sum godtgjersle i KU</b> | <b>397 600</b> | <b>248 725</b> | <b>193 300</b> |

| <b>Gruppeleiar</b>              | <b>VLFK</b> | <b>HFK</b> | <b>SFFK</b> |
|---------------------------------|-------------|------------|-------------|
| Med 1 medlem i FT               | 191 300     |            | 83 750      |
| Med 2-5 medlem i FT             | 191 300     | 140 535    | 83 750      |
| med 6-8 medlem i FT             | 191 300     | 187 380    | 93 450      |
| Med 9 medlem i FT               | 191 300     | 234 225    | 93 450      |
| Med 10-11 medlem i FT           | 286 950     | 234 225    | 93 450      |
| med 12 medlem i FT              | 286 950     | 234 225    | 99 900      |
| med 13 eller fleire medlem i FT | 286 950     | 281 070    | 99 900      |

| <b>Leiar i yrkesopplæringsnemnda</b> | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>     | <b>SFFK</b>   |
|--------------------------------------|---------------|----------------|---------------|
| fast godtgjersle                     | 28 695        | 93 690         | 32 220        |
| Møtegodtgjersle                      |               |                |               |
| Vederlag for tapt arbeidsforteneste  | 9 000         | 8 700          |               |
| <b>sum</b>                           | <b>37 695</b> | <b>102 390</b> | <b>32 220</b> |

| <b>Leiar i fylkesråd for eldre</b> | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>    | <b>SFFK</b>   |
|------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| fast godtgjersle                   | 28 695        |               | 32 220        |
| møtegodtgjersle                    |               | 9 840         |               |
| vederlag for tapt arbeidsinntekt   | 9 000         | 8 700         |               |
| <b>sum</b>                         | <b>37 695</b> | <b>18 540</b> | <b>32 220</b> |

| <b>Leiar i fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne</b> | <b>VLFK</b>   | <b>HFK</b>    | <b>SFFK</b>   |
|---|---------------|---------------|---------------|
| fast godtgjersle  | 28 695        |               | 32 220        |
| møtegodtgjersle   |               | 9 840         |               |
| vederlag for tapt arbeidsforteneste                             | 9 000         | 8 700         |               |
| <b>sum</b>  | <b>37 695</b> | <b>18 540</b> | <b>32 220</b> |

| Leiar i trafikktryggingutvalet      | VLFK          | HFK           | SFFK          |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| fast godtgjersle                    | 28 695        |               | 32 220        |
| møtegodtgjersle                     |               | 9 840         |               |
| vederlag for tapt arbeidsforteneste | 9 000         | 8 700         |               |
| <b>sum</b>                          | <b>37 695</b> | <b>18 540</b> | <b>32 220</b> |

| Medlemmane i råda - per møte        | VLFK         | HFK          | SFFK         |
|-------------------------------------|--------------|--------------|--------------|
| møtegodtgjersle                     | 1 400        | 820          | 940          |
| vederlag for tapt arbeidsforteneste | 1 500        | 1 450        | 1 780        |
| <b>sum</b>                          | <b>2 900</b> | <b>2 270</b> | <b>2 720</b> |

## 2.5 Kostnadsbilete

Berekningane i høve kostnadane for fylkeskommunen med dei satsane vi legg opp til i skissa bygger på mange føresetnader. Mellom anna har prosjektleiar lagt til grunn at det vert 8 møtedagar i fylkestinget, 12 møtedagar i hovudutvala og kontrollutvalet, og 16 møtedagar i fylkesutvalet.

Det er ikkje gjort berekningar på reisegodtgjersle og dekking av husvære m.m. då dette er avhengig av den faktiske samansetninga av fylkestinget. I høve anslaga som er gjort på godtgjerslene har vi no igjen om lag 6 mill. kr til reise, husvære m.m. Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune brukar om lag 3 mill. kr kvar på dette i dag.

## 2.6 Problemstillingar til særleg drøfting i FNAU 18.10

Prosjektleiar ønskjer innspel/føringar knytt til følgjande problemstillingar:

1. Det er ulik praksis i dei to fylkeskommunane kven som vert meldt inn Kommunal Landspensjonskasse. I Hordaland fylkeskommune vert alle med fast godtgjersle på 3,5 % eller meir av grunnlaget for godtgjersle meldt inn. I Sogn og Fjordane fylkeskommune vert folkevalde som har godtgjersle på minst 35 % av 644 400 kr meldt inn. (dvs. om lag 25 % i det nye reglementet og til samanlikning med HFK).
2. Tilskott til opposisjonsgrupper sett opp imot den føreslegne frikjøpsordninga, ref pkt 2.3
3. Løn ved sjukefråvær hjå heiltidspolitikarane.
4. Krav til dokumentasjon ved forfall.

## 3. PROSJEKTLEIAR SI TILRÅDING

Prosjektleiar si tilråding vert ferdigstilt til utsending 25.10.18.